

Noregs vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Stord 27.8.2013
Dykkar ref.
Vår ref.
Arkivnr.
Saksbehandler Dag Eirik Eikeland
Sider 8

Kommentarar til konsesjonssøknad for Børstdalselva kraftverk, Kvinnherad kommune i Hordaland

Innleiing, bakgrunn

Vi har frå NVE motteke dei fråsegnene som har kome inn under høyringsrunden for Børstdalselva kraftverk, og skal få gje våre kommentarar til desse.

Det har kome fråsegner frå

- Kvinnherad Energi
- BKK Nett AS
- Statens vegvesen Region vest
- Hordaland fylkeskommune
- Kvinnherad kommune
- Fylkesmannen i Hordaland
- FNF Hordaland
- Kvinnherad SV
- Kvinnherad Venstre
- Naturvernforbundet i Hordaland
- Bergen Turlag
- Kvinnherad Turlag

Fråsegnene frå dei ulike høyringspartane varierer sjølvsagt i.h.t. ståstad, oppfatningar m.v. Desse kan vera velgrunna og spesifikke, eller dei kan vera generelle, prinsipielle eller subjektive. Mange av fråsegnene gjev eit godt høve til avklaringar.

Fleire tema synest å gå att i mange av fråsegnene. Vi har då valt å kommentera desse inngåande ein stad, og så visa til desse der dei dukkar opp seinare.

Nedanfor oppsummerer vi uttalane og kommenterer desse i høve til konsesjonssøknaden.

Kvinnherad Energi

Kvinnherad Energi peikar på at Børsdalselva kraftverk (og Tverrelva kraftverk) utløyser ei opprusting av ei 2,5 km lang luftlinje, og dessutan ein 500 m lang høgspenkabel i deira nett, og at kraftverka må knytast til ein eigen avgang i Uskedalen transformatorstasjon.

Børsdalselva kraftverk sine kommentarar

Dei tilhøva som Kvinnherad Energi peikar på er avklart mellom partane. Børsdalselva kraftverk (saman med Tverrelva kraftverk) vil betala anleggsbidrag for opprustinga.

BKK Nett AS

BKK Nett AS gjev som ansvarleg for kraftsystemplanen i BKK-området og Indre Hardanger ei samla fråsegn for dei 13 småkraftverka i kommunane Jondal, Ullensvang og Kvinnherad. Kraftverka i Kvinnherad fell imidlertid utanfor dette området, slik at fråsegna her ikkje er relevant.

Statens vegvesen Region vest

Statens vegvesen har ikkje merknader til konsesjonssøknaden.

Hordaland fylkeskommune

Fylkesutvalet rår til ei utbygging av Børsdalselva kraftverk, og rår til at det vert teke omsyn til biologisk mangfald, landskap og friluftsliv.

Børsdalselva kraftverk sine kommentarar

Vi er tilfredse med fråsegna frå Fylkesutvalet. I saksutgreiinga frå fylkesadministrasjonen er det likevel kome fram nokre synspunkt som m.a. går på INON, landskap og friluftsliv. Sidan dette er nemnt i fråsegnene også frå andre høyringspartar, vil vi kommentera slike tilhøve der.

Kvinnherad kommune

Kvinnherad kommune rår til utbygging for alle dei konsesjonssøkte kraftverka i kommunen. Generelt seier kommunen at

- Det må takast høgde for korrigerande tiltak etter at anleggsdrift er gjennomført, dersom det viser seg at tiltaket likevel vil få merkbar uheldige konsekvensar for det biologiske mangfaldet langs elvane
- Det må vurderast korleis ein gjennom tiltaket kan bidra til å fremja friluftsliv i området som vert omfatta av utbygginga
- (I dei elvane som har drikkevassforsyning, må denne sikrast både i anleggs- og driftsfasen)

Vurderinga til kommunen er i det store og heile svært positiv:

- Dei samfunnsmessige verknadene for kommunen er stort sett positive. (Styrkt næringsgrunnlag for fallrettseigarane, oppdrag til lokale verksemdar, fornying/opprusting av div. infrastruktur, kommunale inntekter, auka produksjon av fornybar energi m.m.)
- Kommunen sine røynsler med småkraftutbygging er så langt gode, og dei ferdig utbygde anlegga er i hovudsak konfliktfrie
- Dei avbøtande tiltaka vert vurderte som tilstrekkelege

Børsdalselva kraftverk sine kommentarar

Vi er tilfredse med fråsegna frå Kvinnherad kommune, og stiller oss positive til dei tiltaka som vert nemnt:

- Vi er opne for at evt. negative konsekvensar for det biologiske mangfaldet vert kartlagde i driftsfasen, og at det vert søkt etter mottiltak. Dette må likevel skje under betryggjande fagleg leiing.
- Når det gjeld fremjing av friluftslivet, kan det best skje gjennom eit samarbeid mellom impliserte partar. Vi vil foreslå at kommunen tek initiativ til innkalling til eit møte der samarbeid vert introdusert og organisert. Deltakande partar kan vera kommunen, grunneigarane, Kvinnherad Turlag og utbyggjaren

Fylkesmannen i Hordaland

Fylkesmannen fremjar motsegn til (m.a.) utbygging av Børsdalselva kraftverk.

Dette grunngjev Fylkesmannen med

- Folgefonnhalvøya er prioritert innan utvikling av reiselivsnæringa
- Det vert vist til Fylkesdelplanen for små kraftverk (som Fylkesmannen elles har påklaga), som gjev området mellom Rosendal og Husnes stor verdi for fjordlandskap, reiseliv, inngrepsfritt naturområde og sårbart høgfjell
- Utbygginga vil ha negativ konsekvens for ein sensitiv fugleart
- Utbygginga vil ha negativ verknad for mosefloraen
- Tiltaket reduserer inngrepsfritt naturområde. Dette vert sett på som uakseptabelt
- Fylkesmannen meiner at søknaden undervurderer dei negative konsekvensane av fleire miljøomsyn, og at opplevingsverdien av området vert sterkt redusert av tiltaket
- Søknaden er sparsam og lite relevant når det gjeld friluftsliv
- Dei avbøtande tiltaka er ikkje tilstrekkelege for å bøta på dei negative verknadene

Børsdalselva kraftverk sine kommentarar

Friluftsliv og reiseliv. Vi ynskjer sjølvsagt ikkje at friluftslivet skal verta skadelidande av tiltaket, noko vi heller ikkje trur at det vert. Eksisterande turstiar vert ikkje berørt. Utfordringa ved prosjektet vert då meir av visuell karakter, d.v.s. å minimera inngrepsflatene, og attendeføring og bevaring av naturleg harmoni og estetikk i landskapsbiletet. Gjennom gode løysingsval trur vi at dette i stor grad skal lukkast. Dette er òg eit spørsmål som tangerer landskapsproblematikken, og vi vil utdjupa denne sida meir nedanfor.

Natur- og landskapsoppleving. Fylkesmannen meiner at opplevingsverdien av området vert sterkt redusert, gjennom demningar, røyrgate, veg, fråføring av vatn og endring av bekkeløp.

Børsdalen er ein ulendt og smal sidedal til Uskedalen, omslutta av høge, steile fjellveggar. Vegetasjonen i området er relativt artsfattig, og dalbotnen er tungt framkomeleg og difor lite brukt. Friluftslivet i området er i hovudsak knytt til turstigar som er tilbaketrekte til høgdedraga på kvar side av dalen. Landskapsopplevinga vil difor i stor grad vera knytt til visuelt innsyn mot dalen frå desse stadene, og sett frå avstand. Såleis må ein vurdere dei prosjektelementa som Fylkesmannen (og andre) nemner i lys av synsperspektivet.

Dammen i Fagerdalsvatnet vert lagt i eit trengt skard omkransa av ur med store steinblokker. Damkonstruksjonen er tenkt plastra og kamuflert med stein frå ura på luftsida, og vil såleis ikkje bryta med det estetiske landskapsbiletet. Damkrona vil òg kunna kamuflerast på same måten. Tilmed sett frå relativ kort avstand vil dammen kunna gå i eitt med den omkringliggjande ura.

Reguleringa av Fagerdalsvatnet vil påverka landskapsbiletet ved at reguleringssona i periodar vil vera nedtappa. Frå dei mest aktuelle turstigane er likevel denne lite synleg. Dersom dette likevel skulle framstå som eit uakseptabelt inngrep, kan eit avbøtande tiltak vera redusert regulering om sommaren

når den naturlege turaktiviteten er størst. Om hausten er naturleg tilsig og fyllingsgrad god, og om vinteren er landskapet snødekt.

Rørleidningen vil verta nedgraven, og dessutan bygt med taubane. Der røygata går gjennom ur vil denne synsmessig vera kamuflert etter kort tid. Der ho går gjennom skoglandskapet vil traséen berre vera synleg til dess han har revegetert.

Overføringa av Kvanngrødtjørna er motivert ut frå tekniske og økonomiske grunnar. Feltet representerer om lag 37 % av totalfeltet, og er såleis svært viktig. Etter vårt syn er konsekvensane av å overføra dette feltet svært små. Det må einast byggjast ein kort kanal for å føra vatnet over i eit naturleg bekkefar som leier mot Fagerdalsvatnet. Når Fylkesmannen skriv at elva vil gå i eit nytt, kunstig løp, er nok dette ei mild overdriving. Terskelen som må byggjast i Kvanngrødtjørna kan gjerast nokså låg, om lag 1 m. Denne vert òg plastra med stein frå området både på luft- og vassida. Det er rett (peika på av Kvinnherad turlag m.fl.) at to fossestrenger vil kunna verta sterkt reduserte. Til det er å seia at desse berre er synlege i periodar med relativ sterk nedbør, sidan feltet til Kvanngrødtjørna har svært lita sjølvreguleringssevne. Eit avbøtande tiltak kunne likevel vera å avgrensa overføringskapasiteten til Fagerdalsvatnet. Det ville i så fall betinga bygging av ei overføring der vassmengda let seg avgrensa.

Biologisk mangfald. Rapporten frå feltundersøkjingane omtalar observasjon av ein sensitiv fugleart. Sidan den tid har den sensitive fuglearten hatt ei positiv utvikling, og er ikkje lengre å rekna som sårbar. Arten vert i dag sett på som livskraftig, og han hekkar over det meste av Noreg med unntak av låglandet i den søraustre delen av landet. Arten er under god oppfylgging av eit nasjonalt overvåkingsprogram. Like fullt er vi innstilte på å gjennomføra dei tiltaka under utbygginga som vi har skissert i søknaden, noko som burde kunna sikra både bevaring og evt. vidare utbreiing.

Vassdraget dannar ein naturleg habitat for flaummose (*Hycomium armoricum*) og vasshalemose (*Isoetecium holtii*), arter som begge er registrert som sårbare etter norsk raudliste for artar. I tillegg er mosen bladknoppnikke registrert i influensområdet. Tilstanden for den sistnemnde art er i dag positivt skildra som livskraftig. Artane er spreidd utbreidde langs vestlandskysten, i hovudsak frå Sogn og Fjordane til Vest-Agder. Desse artane opplever naturgjeve eit stort spenn i dei klimatiske livsvilkåra sine gjennom året, og er slik sett nokså robuste. Kunnskapsgrunnlaget for artane er enno noko avgrensa, noko som gjer det vanskeleg å ha altfor bastante oppfatningar om desse. Det er viktig at det vert teke omsyn til desse artane. Vi trur at dei foreslegne tiltaka (tilpassingar av anlegget i høve til forekomstane, og slepping av kunstige flaumar frå Fagerdalsvatnet) vil vera tilstrekkelege.

INON. Omgrepet INON vert i fråsegna nytta kvantitativt og ikkje kvalitativt, og vi vil hevda at det av denne og andre grunnar har avgrensa verdi. Berekningsgrunnlaget vert sett i eit «fugleperspektiv», og berre i horisontalplanet. I søknaden skreiv vi litt nonsjalandt at «fjord-til-fjell»-gradienten er stor på Vestlandet, men nettopp denne kjensgjerninga gjer ein kvantitativ bruk av denne storleiken problematisk. Arealmessig kjem t.d. reelle skilnader mellom eit flatt og eit kupert terreng ikkje fram. Eit typisk vestlandsterreng med bratte fjell og djupe dalar, og svært kort distanse mellom kulturlandskapet ved fjorden og høg fjellandskapet, kan vanskeleg bedømast etter same kvantitative mål og verkty som flate bygder og skogar på Austlandet. Både omfang og type av tekniske inngrep bør difor i større grad verta reflekterte i ei praktisk kvalitetsvurdering av det aktuelle naturområdet. Ein kan såleis snarare etterlysa ei djupare og meir konkret heilskapsvurdering av omfang og konsekvensar.

Fylkesmannen si fråsegn er elles nokså knapp og generell, og er såleis litt vanskeleg å forhalda seg til. Når han skriv at dei avbøtande tiltaka ikkje er tilstrekkelege, men utan å konkretisera dette, kan vi vanskeleg kommentera dette.

FNF Hordaland

FNF Hordaland er eit samarbeidsorgan for Bergen Turlag, Naturvernforbundet i Hordaland og Norges Jeger- og Fiskerforbund Hordaland. Dei har fyrst og fremst sett det som si oppgåve å gje ei fråsegn knytt til samla belastning frå dei 13 prosjekta, og overlata til medlemsorganisasjonane å vera meir prosjektspesifikke. Dei oppsummerer likevel dei tyngste prosjektspesifikke innvendingane. FNF etterlyser vidare ei vurdering av sumverknadene av alle dei 13 prosjekta. Vi har ikkje sett det som vår oppgåve å kommentera dette her.

Når det gjeld Børsdalen spesielt, nemner FNF desse tilhøva:

- Reduksjon av INON
- FNF meiner at inngrepet vil vera synleg frå utfartsområde/stigar til Ulvanosa og Englafjell. Sidan heile tiltaksområdet er gjeve stor til middels verdi for friluftsliv i Fylkesdelplanen for små vasskraftverk, meiner ein at heile inngrepet må unngåast. FNF peikar på at det ikkje er gjeve ei verdi- eller konsekvensutgreiing knytt til landskap. Dei nemner konkret bortfall av to fossefall som er viktige landskapselement ved naturleg høg vassføring sommarstid
- Det vert peika på dei to sårbare moseartane vasshalemose og flaummose, dessutan den sjeldne arten bladknoppnikke
- Av generelle problemstillingar, men som òg kan gjelda Børsdalselva, vert det peika på at levekåra for fossekallen kan verta negativt påverka dersom alle dei 13 prosjekta vert gjennomførde.
- Det vert òg hevda at vurderingane som er blitt gjorde vedrørande fisk er for snevre, sidan ein ikkje har undersøkt verknadene av gassovermetning og sedimenttransport. Det vert òg drege i tvil om fangsten av laks dei siste åra berre skuldast fangst av rømt oppdrettslaks.

Børsdalselva kraftverk sine kommentarar

- Vedrørande INON har vi ikkje fleire kommentarar enn det vi alt har skrive ovanfor (til fråsegna frå Fylkesmannen).
- Når det gjeld dei to fossane som her er spesifikt nemnde, går vi ut frå at det her er meint nokre av flaumbekkane frå Kvanngrodtjørna, og som kjem til syne ved høg vassføring. Sidan nedslagsfeltet til Kvanngrodtjørna i stor grad er snaufjell, er dette bekkar som går svært raskt opp og ned. Det er rett at ved overføring av alt vatnet frå Kvanngrodtjørna vil desse koma bort. Dersom overføringskapasiteten vert noko redusert, vil det renna vatn i desse bekkane når tilsiget overstig kapasiteten. Sjå elles tidlegare kommentar til Fylkesmannen.
- Mosane er kommenterte tidlegare
- Når det gjeld fossefall, stiller vi oss positive til forsøk med rugekassar dersom dette vert tilrådd av naturfagleg kompetanse
- Den nedste delen av Børsdalselva, opp til det naturlege vandringshinderet på kote 120, inngår i den anadrome strekninga i Uskedalselva. Vassdraget hadde tidlegare svært surt vatn, og er sidan 2002 blitt kalka. Den opphavlege, stadeigne laksestamma vart sett på som utdødd, og gytefisker er seinare blitt skildra som rømt oppdrettslaks og feilvandra villaks. I Lakseregisteret er bestandstilstanden for laks i Uskedalselva skildra som svært dårleg. Surt vatn (låg pH), rømt oppdrettslaks og lakselus vert oppgjevne som dei viktigaste negative påverknadsfaktorane. Bestandstilstanden for sjøaure vert skildra som redusert, og avgjerande påverknadsfaktor er lakselus. I 2012 vart det fanga 266 laksar og 107 sjøaurar i Uskedalselva, mykje av sjøauren vart sett ut att.

FNF er opptekne av at fiskebestandane vert tilfredsstillande ivaretekne, og etterspør ei ytterlegare vurdering av tilhøva knytt til endra vassføring, risiko for gassovermetning og auka sedimenttransport til vassdraget nedstraums kraftverket.

I søknaden er kraftverket plassert ovanfor det naturlege vandringshinderet. Det vert ikkje fråført vatn, og tiltaket vil slik sett ikkje berøra den anadrome strekninga av elva. Reguleringa av Fagerdalsvatnet kan medføre ei viss flaumdemping og utjamna vassføringa i kortare periodar. Kraftverket vert elles utstyrt med forbisleppingsventil som vil førebyggja turrlegging av elvestrekninga nedstraums kraftverket ved brå stans. Vi meiner såleis at vassføringa nedstraums kraftverket er godt ivareteken.

Med omsyn til gassovermetning har vi valt ein Peltonturbin som ikkje er kjend for å forårsaka dette. Dette finst det god dokumentasjon for.

Sedimentavrenning i sjølve anleggsfasen vert vurdert som avgrensa, og kan handterast.

Kortvarig misfarging i deler av elva kan skje, utan at dette treng å avvika så mykje frå det som dei naturlege avrenningstilhøve sjølve kan forårsaka (t.d. ved ras). Det akvatiske økosystemet elles er normalt skapt for å tolerera dette.

Kvinnherad SV

Kvinnherad SV er opptekne av sumverknaden av utbygginga av Børsdalselva, Valedalen og Eikedalen kraftverk, særleg av di områda omkring Mjelkehaug, Englafjell og Ulvanoso representerer høg fjell av stor verdi og er svært viktige regionale friluftområde. Ein viser her til Fylkesdelplanen for små vasskraftverk. Her er det i dag òg eit stort INON-område, som vert sterkt redusert ved ei utbygging. Meir spesifikt for Børsdalselva kraftverk vert det trekt fram

- Reduksjon av INON
- Dei raudlista moseartane
- Den sårbare fuglearten

Børsdalselva kraftverk sine kommentarar

Sjå kommentarane til Fylkesmannen. Det er dessutan sagt ein del om landskap og brukarinteresser i konsesjonssøknaden pkt. 3.9 og 3.14.

Kvinnherad Venstre

Også Kvinnherad Venstre er opptekne av sumverknaden av utbyggingane, og nemner områda omkring Mjelkehaug (Fylkesdelplanen for små vasskraftverk). Meir spesifikt for Børsdalselva kraftverk vert det trekt fram

- Uakseptable inngrep i INON-områda
- Dei raudlista/sjeldne moseartane. Dei foreslegne avbøtande tiltaka er ingen garanti for at mosane vil overleva
- Den sårbare fuglearten
- Fråsegnen er elles i ordlyd nokså nær Fylkesmannen si fråsegn

Børdsdalselva kraftverk sine kommentarar

Sjå kommentarane til Fylkesmannen.

Naturvernforbundet i Hordaland

Naturvernforbundet peikar på

- Brutal reduksjon i restvassføringa, også med minstevassføring
- Sår i naturen i røyrgatetraséen
- Tørrlegging av Kvanngrødtjørn
- Skader på flora og fauna i reguleringssona i Fagerdalsvatnet
- Dei raudlista moseartane. NVH nemner framlegga til avbøtande tiltak, men meiner at verknaden av desse er usikker, dessutan at det kan vera vanskeleg å kontrollera om dei vert etterlevde.
- Den sårbare fuglearten
- Elva kan vera fossekallhabitat
- Stadeigen sjøaurestamme, som er anadrom opp til kraftstasjonsnivået
- Reduksjon av INON vil redusera kvaliteten på naturopplevingane
- Mangelfull konsekvensanalyse av landskaps- og friluftsverdiane

Børdsdalselva kraftverk sine kommentarar

Sjå kommentarane til Fylkesmannen og FNF Hordaland. I tillegg vil vi kommentera

- Når NVH seier at Kvanngrødtjørna kan bli turrlagt, trur vi at det må skuldast ei misforståing. Tjørna vil ha same vasspegel som i dag
- Når det gjeld dei avbøtande tiltaka og verknaden av dei, kan desse sjølvstekt ikkje garanterast. Vi har fremja framlegg til tiltak som vi trur vil verka positivt, men som sjølvstekt bør vurderast fagleg. Vi vil elles få seia at SKL er eit svært seriøst selskap som legg stor vinn på å oppfylla konsesjonspålagde vilkår
- Som nemnt i kommentaren til fråsegna frå FNF Hordaland er vi positive til forsøk med rugekassar for fossefall

Bergen Turlag

Bergen Turlag er opptekne av sumverknader, særleg for området som omfattar Børdsdalselva, Eikeelva og Valedalen. Konkret for Børdsdalen nemner dei

- Endå om ikkje sjølv Børdsdalen er mykje nytta til ferdsle, er det ein del av heilskapsinntrykket av landskapet, og ein del av landskapet som bind fjellpartia Ulvanosa og Englafjellet saman. Denne sona ligg i sårbart høgfjell (som peika på av andre, jfr. Fylkesdelplan for små vasskraftanlegg)
- To bekker som renn langs fjellsida av Englafjellet vil falla bort
- Reduskjon av INON
- Dei raudlista moseartane
- Den sårbare fuglearten. Det vert stillt spørsmål om det er foreteke tilleggsundersøkjingar vedrørande denne
- BT meiner at søknaden ikkje er tilfredsstillande vedrørande brukarinteresser

Børdsalselva kraftverk sine kommentarar

Det aller meste av dette er kommentert før. I tillegg vil vi opplysa at det er gjort undersøkingar om den sårbare fuglearten, m.a. når det gjeld hekkeplasser. Denne undersøkinga foreslo òg dei avbøtande tiltaka som er nemnde i søknaden.

Kvinnherad Turlag


Kvinnherad Turlag er eit lokallag av Den norske Turistforening og Bergen Turlag. Dei har gjeve fråsegn knytt til sumverknader for alle prosjekta, for Børdsalen, Eikeelva og Valen samla, og spesifikt for Børdsalselva. Deira merknader er

- Sumverknad av alle utbyggingane trugar artsmangfaldet og fører til ei forarming av naturopplevinga. Skader på mikrolivet i elvane vert underkommunisert av alle søknadene
- Området som omfattar Børdsalen, Eikeelva og Valen framstår i dag som urørt av tekniske inngrep. Ved utbygging vil området ikkje lenger framstå som urørt, slik det er definert i dag
- Vurderinga av dei aktuelle fjellområda i Fylkesdelplanen for små vasskraftverk
- KT fryktar ei «bit-for-bit»-utbygging
- Den øvre delen av Børdsalen er lite tilgjengeleg for turgåarar, men dalen er likevel synleg frå turstien frå Haugland til Ulvanosa. Frå Utåker/Tveitedalen går ein sti til Fagerskard, som passerer nokre hundre meter frå Kvanngrovdvatnet. Elveløpet som skal sprengjast ut frå dette vatnet vil verta godt synleg frå stien.
- Tørrlegging av fossane frå Kvanngrovdvatnet vil verka svært påfallande for dei som ferdast på turløypa mellom Uskedalen og Ulvanosa.
- Nedgraving av røyr, evt. utsprenging av tunnel vil gjera stor skade på naturmiljøet i Børdsalen
- KT fryktar at dei avbøtande tiltaka som er skissert for å skåna raudlista/truga plante- og dyreliv ikkje er tilsterkkelege
- Såra etter dambygginga og den medfylgjande reguleringa vil verka svært skjemmande

Børdsalselva kraftverk sine kommentarar

Alle desse tema har vore nemnde under kommentarane våre ovanfor. Når det gjeld utbygginga si eksponering mot turstigane, vil ein få eit godt inntrykk av denne under synfaringa.

Med helsing
SKL Produksjon AS



Kenneth Teigenes



Dag Eirik Eikeland